



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 22.03.2017  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtetid:** 16:15 - 18:30

Administrasjonsutvalet starta kl 15:00.

Det vart servert mat mellom administrasjonsutvalet og formannskapet..

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
019/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/2017	Godkjenning av møtebok
021/2017	Revisjon av vedtekter SFO
022/2017	Kompetanseutviklingsplan 2017-18
023/2017	Endring i vedtektene for stiftinga Bjørn West-museet
024/2017	Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune
025/2017	Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 - 2024
026/2017	Fråsegn til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018 - 2029 - referanse 2015/10633
027/2017	Investering knytt til fiberinstallering i kommunale bustader
028/2017	Etablering av øvingsfelt for GMBR
029/2017	Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr i Masfjorden kommune
030/2017	Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2017 - 2019
031/2017	Referatsak
032/2017	Høyringsuttalelse til forslag om oppheving av vannscooterforskrifta

## **019/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 019/2017 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **020/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 020/2017 VEDTAK:**

**Møtebok frå formannskapet den 09.02.17 vert godkjend.**

---

## **021/2017: Revisjon av vedtekter SFO**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner dei nye vedtektene for SFO slik dei ligg føre.

## **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 021/2017 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner dei nye vedtektene for SFO slik dei ligg føre.**

---

## **022/2017: Kompetanseutviklingsplan 2017-18**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.

## **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 022/2017 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane 2017-18 slik det ligg føre.**

---

## **023/2017: Endring i vedtektene for stiftinga Bjørn West-museet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 023/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet**

---

## **024/2017: Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune blir lagt ut på høyring i 6 veker jf. forvaltningslova § 37.

Høyringsfrist 24.03.17 – 05.05.17

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 024/2017 VEDTAK:**

**Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune blir lagt ut på høyring i 6 veker jf. forvaltningslova § 37.**

**Høyringsfrist 24.03.17 – 05.05.17**

---

## **025/2017: Temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 - 2024**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Teamdelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 med handlingsplan blir tatt til vitring.

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 025/2017 VEDTAK:**

**Teamdelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 med handlingsplan blir tatt til vitring.**

---

## **026/2017: Fråsegn til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018 - 2029 - referanse 2015/10633**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak i framlegg til Regional transportplan Hordaland, ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua. RTP-dokumentet må difor endrast slik at målet med å realisera Masfjordbrua i denne RTP perioden vert ivareteke.

Det må og koma med at dette sambandet vil vera med å styrka samferdsla og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane, og at dette samferdselstiltaket vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Ordførar la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak i framlegg til Regional transportplan Hordaland, ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua. RTP-dokumentet må difor endrast slik at målet med å realisera Masfjordbrua i denne RTP perioden vert ivareteke.

Vidare vil kommunen peike på det er 3 ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland som peiker seg ut som realistiske og gjennomførbare i planperioden, og at ein difor ønskjer at følgjande prosjekt blir omtalt i RTP i denne prioriterte rekkefølge:

1. Masfjordsambandet – Erstatta kabelferja i Masfjorden med bru.
2. Bru til Huglo -Bru mellom Skorpo i Tysnes kommune og Huglo i Stord kommune.
3. Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune.

Det er svært viktig at ferjeavløysingsprosjekt kjem inn i handlingsprogrammet til RTP, for å sikra at desse prosjekta vert følgt opp i planperioden.

Det må og koma med i RTP at sambandet i Masfjorden vil vera med å styrka samferdsla og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane, og at dette samferdselstiltaket vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

Framlegg til vedtak frå ordførar vart samrøystes vedteke.

### **FS - 026/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune meiner at dei fastsette måla, strategiane, dei overordna prioriteringar og framlegg til tiltak i framlegg til Regional transportplan Hordaland, ikkje fangar opp den overordna målsettinga Masfjorden kommune har med tanke på å realisere Masfjordbrua. RTP-dokumentet må difor endrast slik at målet med å realisera Masfjordbrua i denne RTP perioden vert ivareteke.**



Vidare vil kommunen peike på det er 3 ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland som peiker seg ut som realistiske og gjennomførbare i planperioden, og at ein difor ønskjer at følgjande prosjekt blir omtalt i RTP i denne prioriterte rekkefølge:

1. Masfjordsambandet – Erstatte kabelferja i Masfjorden med bru.
2. Bru til Huglo -Bru mellom Skorpo i Tysnes kommune og Huglo i Stord kommune.
3. Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune.

Det er svært viktig at ferjeavløysingsprosjekt kjem inn i handlingsprogrammet til RTP, for å sikra at desse prosjekta vert følgt opp i planperioden.

Det må og koma med i RTP at sambandet i Masfjorden vil vera med å styrka samferdsle og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane, og at dette samferdselstiltaket vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

---

## **027/2017: Investering knytt til fiberinstallering i kommunale bustader**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.

Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 027/2017 VEDTAK:**

**Det vert løyvd inntil krone 100.000,- til installering av fiber i kommunale bustader og omsorgsbustader på Matre og Haugsvær.**

**Midlane vert å ta over disposisjonsfondet.**

---

## **028/2017: Etablering av øvingsfelt for GMBR**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Det vert gjeve løyve til å etablera øvingsfelt for GMBR i samsvar med prosjektutgreiinga som ligg vedlagt.
2. Kostnadsramma vert på kr 200 000,- eks. mva.

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden formannskap gjev rådmannen mandat til å utgreie øvingsfelt for GMBR vidare og legg til grunn at dette vert organisert som eige selskap.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 028/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden formannskap gjev rådmannen mandat til å utgreie øvingsfelt for GMBR vidare og legg til grunn at dette vert organisert som eige selskap.**

---

**029/2017: Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr i Masfjorden kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

**22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 029/2017 VEDTAK:**

**Framlegg til lokal forskrift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Masfjorden kommune, vert lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.**

---

## **030/2017: Nordbygda sentralbaneanlegg - fornya driftsavtale 2017 - 2019**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2017 – 2019, og i tråd med saksutgreiinga. Kommunalt driftstilskot vert sett til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 030/2017 VEDTAK:**

**Driftsavtalen mellom Masfjord fotballag og Masfjorden kommune for Nordbygda sentralidrettsanlegg vert forlenga for perioden 2017 – 2019, og i tråd med saksutgreiinga. Kommunalt driftstilskot vert sett til kr. 155.000,- pr. år utan indeksregulering.**

---

## 031/2017: Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

### 22.03.2017 FORMANNSKAPET

#### Referatsaker:

1. Forslag til temaplan "Likeverd i Hordaland" - høyring
2. Nytt anskaffelsesregelverk - nye muligheter
3. LVK ber finansministeren redusere kapitaliseringsrenten med virkning for 2018 snarest!
4. Intensjonskunngjering på plass i Doffin
  - Kort beskrivelse  
Intensjonen er å kjøpe to seksjonar i det planlagde bygget, eller å leiga tilsvarende areal på langsiktig avtale, eller å leiga med rett til utseksjonering med opsjon på kjøp. Intensjonen er å inngå avtale med foretaket Fensfjordbygg AS (org nr 915 897 274). Dette fordi dette foretaket planlegg å byggje eit større service- og næringsbygg inntil eksisterande forretning på Hosteland. Masfjorden kommune ønskjer no å gå i direkte forhandlingar for å få nytta deler av dette planlagde bygget på langsiktig basis til kontor, helse- og tenesteføremål for våre tilsette og for publikumsbesøk.
5. Nasjonale mål, hovedprioriteringer og tilskudd

#### Orientering frå ordførar:

- Ordførar orienterte om moglege tilskot til vegutbetringmidlar til fylkesvegvar som kommunen har søkt / planlegg å søke på.

#### Orientering frå rådmannen:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om økonomiutfordringar generelt og idrettsskulen spesielt og sa at det framleis ikkje er grunn til eigen sak om budsjettaldring etter at statsbudsjettet vart endeleg vedteke og folketalet pr 1.1.2017 vart justert inn. Systemendringane medfører ein samla nedgang i overførte midlar med ca kr 100 000. Ingen avklaring vedk. kapitaliseringsrenta, men kan slå fast at det blir ingen endring frå 1.1.2017, og må håpe på reduksjon i kapitaliseringsrenta (frå 4,5 til 3%) frå 1.1.2018. Elles vil det få store konsekvensar for kommunen sine inntekter i åra framover.

Rådmannen sa vidare at ein vil sjå på budsjettdekning av idrettsskulen 2017 som del av den ordinære budsjettrevisjon 2017 (juni (2017) og dersom en ser dette totaltsett, og ikkje berre innafor rammeområde for kultur, så skal ein klare dette med fokus på auka eksterne tilskot, litt omprioritering innan kulturbudsjettet, og bruk av fond, samt evt. deler av overskot 2016 som delfinansiering. Formannskapet slutta seg samla til dette, og kjem såleis ikkje opp som eiga sak i Kommunestyret i april møtet.

#### Spørsmål frå Torill Torsvik Størkersen (Ap):

Kva skjer med saka rundt Inn på Tunet? Rådmannen svarta at saka kjem opp i neste kommunestyremøte.

**FS - 031/2017 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## **032/2017: Høyringsuttalelse til forslag om oppheving av vannscooterforskrifta**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune viser til mottatt høyringsuttale om oppheving av vannscooterforskrifta.

Masfjorden kommune er kritisk til oppheving av forskrifta for bruk av særregulering av vasscooterforskrifta. I forslaget inneber det at kommunane skal lage ei lokal forskrift for bruk av vasscooter, dette kan medføra store forskjellar mellom kommunane om bruk av vasscooter. Avstandane mellom kommunane kan ofte vere små når det gjeld avstandar på sjø, så det kan vere uheldigt med forskjellig regelverk på korte avstandar.

### **22.03.2017 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 032/2017 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune viser til mottatt høyringsuttale om oppheving av vannscooterforskrifta.**

**Masfjorden kommune er kritisk til oppheving av forskrifta for bruk av særregulering av vasscooterforskrifta. I forslaget inneber det at kommunane skal lage ei lokal forskrift for bruk av vasscooter, dette kan medføra store forskjellar mellom kommunane om bruk av vasscooter. Avstandane mellom kommunane kan ofte vere små når det gjeld avstandar på sjø, så det kan vere uheldigt med forskjellig regelverk på korte avstandar.**

---



Utskrift frå møtebok frå formannskapet 22.03.17 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordførar